

Kontinuerlege aktivitetar

Søndagsskuler i Herøy

I Herøy samlast ein til søndagsskule fleire stader:

- Herøy kyrkje, søndagar (når det ikkje er familiegudsteneste)
- Remøy bedehus, annankvar søndag.
- Moltu bedehus, annankvar søndag.

Klubbar, kor og foreiningar i Herøy

- Miniklubb på Nerlandsøy bedehus, ein tysdag i månaden for dei mellom 0 og 6 år.
 - Barneklubb på Frøystad bedehus annankvar tysdag.
 - Tweens i Herøy kyrkje for 12-13-åringar (dei som går i 6. og 7.klasse). Ein fredag i månaden frå 18-20:00.
 - Junior på Remøy bedehus, annankvar tysdag, 11 år og oppover.
 - Barnekoret NOAH, Remøy bedehus, annankvar tysdag, 6-13 år (frå skulealder).
 - Barneforening på Jøsok bedehus, tysdagar.
 - MiniKRIK – samlingar for barn og vaksne med aktivitet.
- Søndagar på ettermiddagen i Herøy kyrkje eller tur ute.
- Kjeldsundspeidarane – samlingar ute på Kjeldsund leirstad.

Fredagstreff i Herøy kyrkje

Ungdomsklubb på fredagar i kjellaren i Herøy kyrkje.

KRIK Herøy

KRIK – Kristen idrettskontakt har eit lokallag i Herøy som har mange ulike aktivitetar (MiniKRIK er del av dette).

Følg/lik «KRIK Herøy» på facebook for oppdateringar.

- KRIK i hallen - Onsdagar i Herøyhallen
 - KRIK Villmark - Turar i friluft i løpet av året.
 - KRIK Step - Step-trening for jenter og damer.
- Gymsalen i kyrkje Herøy kyrkje på måndagar

Kvifor trusopplæring?

Heilt sidan den kristne kyrkja vart grunnlagt, har det vorte undervist i kva den kristne trua handlar om. Dåp og opplæring i den kristne trua høyrer saman.

Visjonen for trusopplæringa er «I møte med Jesus». Vi ynskjer at alle trusopplæringstiltaka våre skal ha ein dimensjon av dette i seg. Det er elementært, men det viktigaste for oss er at barna som er innom tiltaka våre skal få sjå og oppleve kven Jesus er.

Gjennom opplevingar, aktivitetar og erfaringar inviterer kyrkjelydene i Herøy til ulike arrangementer og opplæring. Babysang, utdeling av 4-årsbok, overnatting i kyrkja (Lys vaken) og konfirmasjon er eksemplar på tiltak der trusuttrykk vert lært og levd i eit fellesskap.

Trusopplæringa som skjer i kyrkjelyden skal vere lagt til rette slik at alle kan delta. Dette gjelder uavhengig av funksjonsevne, livssituasjon, kjønn og etnisk bakgrunn.

Kontakt oss

Kyrkjelydspedagog Karl Anders Brendmo

Tlf/e-post: 70 08 02 65/ kateket@heroy-kyrkje.no

Kateket Elise Frøyen

Tlf/e-post: 70 08 02 67/ tru@heroy-kyrkje.no

Oppdatert informasjon finn du på www.heroy-kyrkje.no/trusopplaering/



facebook.com/heroykyrkje



@heroykyrkje



DEN NORSKE KYRKJA

Herøy kyrkjelege fellesråd
Kyrkjekontoret i Herøy
Lisjebøvegen 1, 6091 Fosnavåg
Tlf: 70080260
e-post: kyrkjekontoret@heroy-kyrkje.no
www.heroy-kyrkje.no



I MØTE MED JESUS



Trusopplæring Kyrkjene i Herøy



Dåp

Når eit barn vert borte til dåp, vert vi minna om at ingen kan bære seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit fellesskap som strekker seg over heile verda – og gjennom alle tider.

Det er ei markering der barnet har alle sine viktigste støttespelarar rundt seg, og der Gud lover å følge barnet alle dagar. Ønskjer du å melde inn dåp kan du gjere det på denne sida: <https://minkirkeside.no/Heroy>



Trusopplæringa i Herøy

- Herøy, Indre Herøy og Leikanger kyrkjelydar

Trusopplæringa i Herøy

tilbyr desse aktivitetane for

born og ungdom i alderen 0-18 år

Konkrete datoar vert lagt ut på www.heroy-kyrkje.no og facebook: www.facebook.com/heroykyrkje

0-1 år: Babysong

Song, leik, mat og prat for babyar og foreldre/føresette. Annankvar onsdag kl.11:00-11:30. Herøy kyrkje.



Foto:Torstein Ihle

0-6 år: Småbarnssong

Song, leik, mat og prat for barn og foreldre/føresette. Annankvar onsdag 11:00-11:30. Herøy kyrkje.

2 år: Dåpsmarkering – mars og oktober

2- åringar m/føresette vert invitert til å feire dåpsdagen sin i kyrkja. Dei som vart døypt på vårhalvåret vert invitert til samling i mars og dei som vart døypt på hausten vert invitert til samling i oktober.

3 år: Krøllekveld – November

Samling i kyrkja for alle 3-åringar. Songstund og forteljing om sauene Krølle som gjekk seg vill.



4 år: Undretur i kyrkja - Oktober

2 samlingar for 4-åringar med aktiviteter, undretur i kyrkja og forteljing. Gudsteneste m/utdeling av 4-årsboka «Mi kyrkjebok».



5 år: Bursdagsfest i kyrkja – Mai/juni

Alle 5-åringar er invitert til å lære om pinsa, kyrkja sin bursdag.

6 år: Førsteklasses – August/september

Dåpsskule for dei som nett har starta på skulen. Skulestartsmarkering i gudsteneste.

7 år: Sommardagar i kyrkja – August

Sommardagar for alle 7-åringar der vi lærer om misjon. To dagar i veka før skulestart i Herøy kyrkje og i nærområdet.



8 år: Hausttakkefest – September

Samlingar for 8-åringar i kyrkjene der vi lagar og feirer hausttakkefest. Deltaking på gudsteneste.



9 år: Tårnagenthelg - Januar

Samling der vi er agenter i kyrkja på jakt etter skjulte skattar og symbol. Utdeling av bok på familiegudsteneste.



10 år: Lys Vaken - November

Overnatting i kyrkja for 10-åringar og vi feiring av gudsteneste.



11 år: Kode B – Februar/mars

5 samlingar der vi knekker koder og blir kjent med Bibelen, og vi feirer gudsteneste.



14 år: Konfirmasjon

Konfirmasjonstida har samlingar gjennom 8 månadar der ein går gjennom og reflekterer over hovudelementa i den kristne trua. På konfirmasjonsdagen er det ei forbønshandling for den einskilde.



15 år: KonfirmantReunion – September

Samling ein kveld i september der vi møtast igjen og mimrar om konfirmantåret.